

RAPPORT

Hedalen stavkyrkje

- Dokumentasjon av stavkyrkjeprogrammet



Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og fagleg rådgivar for Klima- og miljødepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har også ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført. I denne sammenhengen har Riksantikvaren eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget gjer innanfor kulturminne, kulturmiljø og landskap.



Innhald

Stavkyrkjeprogrammet	3
Bygningsbeskriving	4
Bygningshistorie	4
Ombygging- og restaureringshistorie	5
Tilstand før stavkyrkjeprogrammet	5
Vedtaksprosess og tiltak	5
Støpulen	5
Murar under og ved kyrkja	5
Tak	6
Kyrkjekunst og inventar	6
Samandrag	7
Litteratur og kjelder	7
Kronologisk arbeidsprosess	7

Hedalen stavkyrkje

Dokumentasjon av
stavkyrkjeprogrammet

© Riksantikvaren 2016
www.ra.no

Det må ikkje kopierast frå denne boka i strid med
Åndsverklova eller avtalar om kopiering med
KOPINOR, interesseorgan for rettshavarar til
åndsverk. Kopiering i strid med lov eller avtale
kan medføre erstatningskrav og inndraging
og kan straffast med bøter eller fengsel

Design: Riksantikvaren

Omslagsbilete:
Dagfinn Rasmussen. Riksantikvaren

Stavkyrkjeprogrammet 2001-2015

Gjennom stavkyrkjeprogrammet har dei 28 stavkyrkjene i Noreg vorte sett i stand. Kyrkjene vart i all hovudsak istandsett slik dei er i dag, utan noko tilbakeføring til tidlegare periodar. I arbeidet med stavkyrkjene har ein vore avhengig av å byggje vidare på den kunnskapen som er opparbeidd innanfor tradisjonelt bygghandverk og bruk av ulike tradisjonelle material og metodar. Samstundes har stavkyrkjeprogrammet gjeve gode moglegheiter for detaljstudiar av bygningane. Det å kunne lese og forstå spor etter verkty har vore eit viktig element i arbeidet med istandsetjinga av stavkyrkjene. Målet har heile tida vore å ta vare på mest mogleg av dei opphavlege delane. Der dette ikkje har vore mogleg har handverkarar gjort eit framifrå arbeid med å kopiere bygningsdelar der det har vore naudsynt å byte delar av bygget eller spunse ein skade. Samstundes har materialkvalitet, samt kunnskap om bruk av rett virke, vore eit viktig

gjennomgangstema i arbeida med kyrkjene. Arbeidet med å hente ut rett virke til rett bruk har kravd god langsiktig planlegging for å til dømes ha godt malma og rettvokse virke til produksjon av spon. Vidare har det vore viktig å ha gode materiallager, då mange skjulte skadar fyrst vart avdekka når istandsetjinga var godt i gang og arbeidet med å demontere skadde bygningsdelar vart gjennomført.

KYRKJEKUNST

Som ein viktig del stavkyrkjeprogrammet var eit av måla å konservere kyrkjekunsten i kyrkjene. Det var difor naudsynt å gjennomføre ei omfattande tilstandsregistrering av både kunst og inventar i stavkyrkjene. Det vart utført tilstandsregistrering av 852 gjenstandar og dekorerte flater i 27 kyrkjer. Gjennom ei oversikt over kva som er i stavkyrkjene og i kva tilstand det var, kunne ein gjere ei prioritering av dei tiltaka som var viktige å få utført. Bevaringstiltak utløyst av

tilstandsregistreringa vart i størst mogleg grad koordinert med istandsetjinga av sjølve kyrkjebygga. I visse høve var det naudsynt å dekke til, eller flytte ut gjenstandar før arbeidet med bygget starta, medan det i andre høve var meir hensiktsmessig å starte konserveringa av gjenstandane då kyrkjebygga var ferdig sette i stand.

LOKAL MEDVIRING

Ved mange høve engasjerte kyrkjeiegaren ein lokal prosjektleiar. Det vart også i størst mogleg grad nytta lokale handverkarar. Lokal deltaking var med på å auke kunnskapen om kyrkjene og samstundes skape ein spanande møteplass for den lokale befolkninga og tilreisande.

BRANNSIKRING

Alle stavkyrkjene har brannsikringsanlegg. I samband med istandsetjingsarbeida vart det og gjennomført arbeid med vidare oppgradering av desse anlegga.



Kyrkja etter istandsetting: Sett frå vest. Foto: Dagfinn Rasmussen / Riksantikvarens arkiv.

Hedalen stavkyrkje

BYGNINGSBESKRIVING

Hedalen stavkyrkje ligg i Valdres og vart bygd omkring byrjinga av 1160-åra, då åringsdateringar viser at virket vart hogd vinteren 1161/62 og 1162/63. Kyrkja er i utgangspunktet eit enkelt, rektangulært stavbygg utan indre reisning. Berre den vestlege arma av krosskyrkja er opphavleg. Svalgangen er framleis intakt og truleg vis like gamal som dei eldste delane av kyrkja. I 1699 fekk kyrkja bygd

til tverrskip og nytt kor slik at grunnplanet vart krossforma og koret vart rive då krossarmene vart bygd til. I utgangspunktet hadde den truleg eit rektangulært skip og smalare, rektangulært kor med apsidal avslutting og svalgangar rundt heile.

Skifertaket kom i 1902 der det tidlegare hadde vore spon. Gavlar og takverk frå mellomalderen er bevara med sperrer, saksesperrer og hanebjelkar samt skråstøtter i takflatene. Trass i ein enkel konstruksjon og beskjeden storleik har kyrkja ein storslått vangeportal. Stilhistorisk daterast skurden frå perioden mellom 1150 og 1200.¹ Kyrkja er

særmerkt då den har sponklede hjørnestavar.

BYGNINGSHISTORIE

Etter svartedauden låg Hedalen aude og gjengrodd i vel 150 år. Stavkyrkja vart bygd om til krosskyrkje. Denne store påbygginga byrja i 1699. I 1902 vart kyrkja restaurert og fekk eit nytt kortilbygg der alteret står i dag. Kyrkja inneheld kyrkjekunst som hører til hovudverka i norsk mellomalderkunst, mellom anna drakeportalen som er like gamal som kyrkja. Krusifikset frå 1270 og Hedalsmadonnaen frå 1250.



Støpulen ved kyrkja: Vart sett i stand gjennom stavkyrkjeprogrammet. Foto Włodzimierz Witek./Riksantikvarens arkiv

OMBYGGING- OG RESTAURERINGS Historie

Ved ombygginga i 1699 fekk kyrkja krossform der fløy mot nord, sør og øst vart bygd til i lafteverk. Då vart kor og apsis med svalgangar rive. Nord for austre krossarm vart det reist sakristi. Over krysset vart det bygd ein takryttar i 1738. Kyrkja hadde spontak til 1902, då kyrkja vart restaurert under leiing av arkitekt Carl Berner.

TILSTAND FØR STAVKYRKJEPROGRAMMET

Tilstanden til Hedalen stavkyrkje var varierende. Ved synfaring av støpulen ved Hedalen stavkyrkje vart det påvist ei rekke små skader som hadde behov for

utbetring. Mellom anna var det røteskade i botnsvillen under døra og på sydvestre del av vestveggen.

Takflatene på kyrkja var prega av skada og mosegrodd lappskifer. Desse skadane har i sin tur leidd til røteskader i underliggande takbord.²

VEDTAKSPROCESS OG TILTAK

STØPULEN

Ei eldre røteskade i sydvestre hjørnestav, medan dei andre hjørnestavane er i god stand. I tillegg til nokre eldre røteskader i underdelen av laftestokkane, men ingen av skadane var av ein karakter som gjorde det naudsynt med tiltak. Derimot vart det fremja forslag om å


spunse ein røteskade i botnsvillen under døra og på sydvestre del av vestveggen samstundes som ein utførte reparasjonar på dørstokken for å hindre samantrykking av svillen og spreining av røteskade. Taket på støpulen hadde behov for utbetringar i form av ny stein der dette mangla og utskifting av stein som var skada eller i dårleg stand. Taket vart i øvrigheit reingjort for mose for å unngå framtidige skader.

MURAR UNDER OG VED KYRKJA

Murane ved Hedalen stavkyrkje er prega av fleire byggetrinn og ulike tankar om vedlikehald. Alle murane er enkelvanga og bygd av granitt. Det vart ikkje påvist omfattande kritiske skader ved synfaringa av murane under kyrkja, men dei er skjemma av varierende val og utføring av vedlikehald opp gjennom tida. På nordsida av kyrkja er det fleire stader muren har for lav høgde, noko som har medført at trekonstruksjonar har vore utsette for unødvendig fuktbelastning. Det vart utført eit større arbeid på forstøtningsmuren på sørsida av kyrkjegarden. Det vart sett opp nytt tregjerde rundt heile kyrkjegarden.³

TAK

Skifertaket på Hedalen stavkyrkje var prega av mosevekst. Mosen på lappskiferen er problematisk då den held på fukt og difor er med på å legge til rette for frostsprenging og sprekkdanningar i steinen.⁴ For å fjerne moseveksten vart taka



Før og etter konservering: Hedalkrusifikset, skulpturen, fotografert under og etter behandling. Foto Birger Lindstad 2007.

fyrst fukta med vatn. Deretter vart steinen varsamt skrapa med plast- og stålsparkel for til slutt å bli børsta med skurebørste der mosen hadde ekstra godt feste og spyla med vatn for å fjerne eventuelle moserestar. Utover dette er det også ein del skader på taket som resultat av at isdanningar på dei øvre takflatene dett ned på dei underliggande takflatene og knuser stein. Redusering av kvalitet og øydelegging av stein har leia til lekkasjar i taket, så eit tiltak for å fjerne mosen frå taket og skifte ut øydelagd stein var eit viktig bidrag til kyrkja sitt langsiktige vedlikehald. Arbeidet med tekking av taket kravde mykje tilpassing av kvar enkelt stein for å få eit godt resultat. I tillegg til å sjå over taket for å skifte ut stein, vart også røteskada treverk skifta ut og

spunsa. Mellom anna var det naudsynt å byte ut og spunse ein del takbord, vindskibord, framkantbord og dekkbord, som vart måla med linoljemåling etter montering.⁵ Samstundes vart gamle kilrennebeslag skifta ut med nye sinkbeslag som vart lagt 24 centimeter opp etter kvar side av kilrennene, medan taket til sakristiet mot nord fekk montert eit nytt overgangsbeslag. Våpenhuset mot nord hadde sige ned i framkant og danna ei glipe mellom taket på våpenhuset og nordveggenveggen til tverrskipet. For å hindre tilkomst av fukt vart våpenhuset jekka opp om lag 2,5 centimeter og mura oppunder med nye hjørnesteinar slik at taket igjen låg tett attåt veggen.⁶ Nokre vindauge på sydsida vart også sett i stand.

KYRKJEKUNST OG INVENTAR

Etter 12 år i Oslo vart den vidkjende madonnaen frå Hedalen førd attende til kyrkja etter å ha vorte restaurert. Riksantikvaren sitt klimaprojekt og stavkyrkjeprogrammet har gjort klimavariasjonane i bygget mindre sidan ho sist var i kyrkja. Hedalen stavkyrkje har eit rikt inventar, med mange verdfulle kunstgjenstandar. Fire inventarstykker vart tekne inn til NIKU sitt konserveringsatelier for undersøking og behandling på oppdrag frå Riksantikvaren. Grunna deira høge alder og kvalitet er mellomalderskapet og mellomalderkrusifikset av særleg verdi både i norsk og internasjonal kontekst. Desse to gjenstandane var i dårleg stand og vart konsolidert, reinsa og retusjert. Særleg vekt vart lagt på å stabilisere og rette opp att deira

visuelle uttrykk, som har vore sterkt redusert. I tillegg vart eit lerretsmaleri frå 1600-talet og eit 1700-tals, udatert, bilete med åtte tresnitt med scener frå "Jesu liv" teke inn til konservering. I likskap med krusifikset og mellomalderskapet var også desse i dårleg stand og trengte å konsoliderast, reinsast og retusjerast. Inventarstykkja si historie, material og materialbruk er interessant i regional og i nasjonal målestokk, mellom anna fordi dei er i ei stavkyrkje. Mellomalderobjekta er av internasjonal verdi grunna deira alder og kvalitet. Klimaet i Hedalen kyrkje har vore under overvaking og justering i en årrekke fordi dette er belastande for inventar til kyrkja. NIKU plasserte to klimaloggarar i kyrkja, ein ved Mariaskulpturen, og ein på nordveggen i koret. Arbeidet vart utført i 2006 og 2007.

SAMANDRAG

Hedalen stavkyrkje er datert til etter 1160. Ved slutten av 1600-talet vart kyrkja bygd om til krosskyrkje og i 1902 vart kyrkja restaurert med eit nytt kortilbygg der alteret er plassert i dag. Kyrkja inneheld kyrkjekunst som høyrer til hovudverka i norsk mellomalderkunst. Mellom anna drageportalen, krusifikset og Hedalsmadonnaen, samt at kyrkja har eit unikt smijernsarbeid på døra i vest. Støpulen ved kyrkja vart sett i stand ved spunsing av

røteskader og reparasjon av tak. Grunnmuren under kyrkja vart utbetra og vindfanget mot nord jekka opp og attåt nordveggen. I tillegg vart det gjort utbetringar av forstøtningsmuren rundt kyrkjegarden. Det vart utført vedlikehaldsarbeid på skifertaket og kilrennene på kyrkja samt at kyrkja vart tjæra på nytt i perioden 2009-2011. Madonnaen vart førd attende til kyrkja etter 12 år i Oslo. I tillegg er krusifikset og alterskapet frå mellomalderen restaurert.

FOTNOTAR

- ¹ Anker, Leif s.238
- ² Marumrud, Hans. *Tilstandsrapport for Hedalen stavkirke. Klokkestøpul*, 2003.
- ³ Marthinsen, Espen. *Befaring av murverk i kirkens grunnmur*, 12.12.2006, 2006
- ⁴ Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport Takarbeider Hedalen stavkyrkje 2009-2011*, 2011
- ⁵ Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport Takarbeider Hedalen stavkyrkje 2009-2011*, 2011
- ⁶ Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport Takarbeider Hedalen stavkyrkje 2009-2011*, 2011

LITTERATUR OG KJELDER

LITTERATUR

Anker, Leif. *De norske stavkirkene*. Oslo, AFRO 2005

RAPPORTAR

Devold, Ellen. *Befaringsrapport Hedalen stavkyrkje 2. oktober 2006 Stavkirkeprogrammet*, 2006.

Marthinsen, Espen. *Befaring av murverk i kirkens grunnmur*, 12.12.2006, 2006

Marumrud, Hans. *Tilstandsrapport for Hedalen stavkirke. Klokkestøpul*, 2003.

Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport Takarbeider Hedalen stavkyrkje 2009-2011*, 2011

Tvenge, Terje. *Arbeidsrapport Takarbeider Hedalen stavkyrkje 2009*, 2009

Stein, Mille. *NIKU rapport nr 25 - NIKU rapport nr 65/2008, Hedalen stavkirke - Behandling av inventarstykker*, 2008

Stein, Mille. *Krusifikset og madonnaskapet i Hedalen stavkirke, Undersøkelse 2006-2008*, 2008.

Stein, Mille. *Rapport Kunst og inventar nr 2/2006 A144 Hedalen stavkyrkje. Behandling av fire inventarstykker. Prosjektbeskrivelse*, 2006.

Stein, Mille. *Tilstandsregistrering og prioritering av kirkekunst til konservering 03.11.03*, 2003

